



**Styre:** Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet  
**Styresak:** 27/22  
**Møtedato:** 15.03.2022  
**Journalnummer:** 2022/1550

---

## ENDRING AV PRØVINGSFORM I JUS222 FORVALTNINGSRETT

---

Studieutvalget skal fastsette endringer av emnebeskrivelse i de enkelte emnene, herunder læringsutbytte, prøvingsformer og litteraturlister.

I sitt møte den 24.02.2022 behandlet studieutvalget en sak om endring av prøvingsform i JUS222 Forvaltningsrett. I styresak 69/20 hvor emnet ble opprettet, ble det i emnebeskrivelsen vedtatt at emnet skulle ha følgende prøvingsform:

- Skuleeksamen, 6 timer
- Heimeeksamen

### Vurderingsform(er)

Det skal vere berre ein samla karakter for begge eksamenane der skuleeksamen skal telja om lag 90 % og heimeeksamen om lag 10 %.

Fakultetsstyret har i arbeidet med innføring av ny studieordning vedtatt at prøvingsformen i emner over 20 studiepoeng, deriblant JUS222 Forvaltningsrett, skal være noe mer enn bare én skuleeksamen. Vi viser til styresak [26/19](#) og [innstilling](#) fra arbeidsgruppe for prøvings- og læringsformer.

Studieutvalget har på denne bakgrunn vurdert at endring i prøvingsformen for JUS222 Forvaltningsrett skal behandles i fakultetsstyret. Studieutvalget har behandlet saken med utgangspunkt i saksfremlegg fra de emneansvarlige (vedlegg 1).

På denne bakgrunn framsettes følgende

### forslag til vedtak:

Endring av vurderingsform vedtas i dette tilfellet av fakultetsstyret og studieutvalget innstiller derfor følgende overfor fakultetsstyret:

Vurderingsformen i JUS222 Forvaltningsrett endres til 6 timers skriftlig skuleeksamen.

Karl Harald Søvig  
dekan

Øystein L. Iversen  
fakultetsdirektør

03.03.2022/ANNNI

Vedlegg:

1: JUS222 Forvaltningrett: Framlegg om endring i emneskildringa

### JUS222 Forvaltningrett: Framlegg om endring i emneskildringa

#### I. Endring av vurderingsform

I emneskildringa er det lagt opp til ein kombinasjon av skuleeksamen og heimeeksamen. Om forholdet mellom elementa står det:

«Det skal vere berre ein samla karakter for begge eksamenane der skuleeksamen skal telja om lag 90 % og heimeeksamen om lag 10 %.»

Føresetnaden for denne modellen, som blir spegla i det siterte, var ønsket om ei hybridløysing der heimeeksamen både kunne vareta ein pedagogisk funksjon – som obligatorisk kursoppgåve – og inngå som del av vurderingsgrunnlaget til eksamen. Ut frå det som seinare er opplyst, legg studieadministrasjonen til grunn at denne hybridløysinga truleg ikkje kan oppretthaldast. Karakteristikken som «eksamen» utløyser omfattande og ressurskrevjande formelle krav som det ikkje er lett å omgå.

Som emneansvarlege har vi difor måtte tenkje igjennom modellen for vurdering på nytt. Vi noterer oss at Felles klagenemnd nasjonalt har registrert ein sterk auke i klagesaker om fusk. Dette i kjølvatnet av overgangen til heimeeksamen under pandemien. Som emneansvarlege vurderer vi at skuleeksamen gjev det sikraste grunnlaget for å vurdere den enkelte student sitt faglege nivå i forvaltningsrett. Vi har sjølv sagt respekt for at ein i andre emne ser annleis på dette. Men ut frå tradisjonen og karakteren av forvaltningsrettsfaget, vurderer vi at den tradisjonelle skuleeksamenen har store fordelar som prøvingsform.

Spørsmålet er difor om skuleeksamen bør kombinerast med ein heimeeksamen, eller om ressursane heller bør brukast på undervisningsretta aktivitetar. Etter vårt syn er sistnemnde den beste løysinga. Den store ressursbruken ved eksamen gjer det vanskeleg å forsvare at ein heimeeksamen berre skal tilleggast justerande betydning (10 %), slik det ligg i emneskildringa i dag. Alternativet er difor at vekta av heimeeksamen blir auka, men det finn vi ikkje ønskjeleg ut frå vår haldning til kva som gjev det sikraste grunnlaget for vurderinga av det faglege nivået til studentane. Vårt framlegg er difor å gå tilbake til ein rein skuleeksamen over 6 timar, som vurderingsform i forvaltningsrett.

Vi ser at dette framlegget kan bli oppfatta negativt i deler av studentmiljøet. Vi vil difor understreke at det er vår intensjon at dei ressursane som blir frigjort ved å sløyfe heimeeksamen, skal kome studentane til gode i form av eit styrkt undervisningstilbod. Obligatorisk kursoppgåve er her eitt element, men vi håpar også å få på plass 7 storgruppesamlingar i emnet.

Vi vil særleg framheve at evalueringa av ei obligatorisk kursoppgåve har eit formativt føremål, noko som i større grad vil bidra til studentane si læring enn det som er vanleg ved sensur av ein heimeeksamen.

Ei meir spesiell problemstilling skal kommenterast: For eit emne som i utstrekning dekkjer eit heilt semester, slik JUS222 gjer, blir spørsmålet om konsekvensane av å få ikkje bestått på obligatorisk kursoppgåve sett på spissen. Problemstillinga vil ut fra erfaring i forvaltningsrettsemna, gjelde svært få studentar. Å måtte ta heile emnet på nytt, kan likevel

framstå som særleg tyngande i eit så stort emne. Vårt framlegg til løysing på dette problemet, er at det blir gjeve ein kort frist til å levere inn eit nytt, omarbeidd oppgavesvar basert på den tilbakemeldinga som er gjeve. Ved andre gongs innlevering blir det likevel ikkje gjeve faglege tilbakemeldingar til studenten. Dette for å unngå at studentane skal ta for lett på arbeidet med den obligatoriske oppgåva i første runde.

Etter dette blir det gjort slikt framlegg til endringar i emneskildringa (markert med spor endring):

### **Emnet har obligatorisk oppgave - ~~Ja~~Nei**

~~Bestått obligatorisk kursoppgåve er eit vilkår for å få gå opp til eksamen. Studenten skal få skriftlege tilbakemeldingar frå sensor som er til hjelp i den vidare læringsprosessen. Ved ikkje bestått får studenten ein kort frist på seg til å levere inn eit revidert oppgavesvar, men det blir ikkje gjeve faglege tilbakemeldingar ved andre gongs innlevering. Det er obligatorisk å møte på arbeidsgrupper og storgrupper. Studentane må óg levere skriftlege arbeidsgruppeoppgåver og kommentera andre studentar sine oppgåver.~~

Obligatorisk oppgåve går over fem dagar, med utlevering måndag kl. 9 og innlevering fredag kl. 13.

Ordgrensen er 3000 ord.

### **Vurderingsform(er)**

- Skuleeksamen, 6 tim~~er~~

~~-Heimeeksamen~~

~~Det skal vere berre ein samla karakter for begge eksamenane der skuleeksamen skal telja om lag 90 % og heimeeksamen om lag 10 %.~~

~~Hjemmeeksamenens varighet — Ei veke.~~

### **Begrunnelse for vurderingsform**

~~Ein skuleeksamen på 6 timar er eit uunnværlig element i vurderinga, mellom anna ut frå eit synspunkt om blir vurdert å gje det sikraste grunnlaget for å vurdere den enkelte student sitt faglege nivå. å sikre likskap i prøvingssituasjonen.~~

~~Heimeeksamen kan vere tenleg som eit supplement, og opnar mellom anna for prøving i fleire tekstsjangrar.~~

~~I sensuren skal utgangspunktet tas i skuleeksamen, og så skal heimeeksamen vere korrigerande. Heimeeksamen skal ha ei teljande, men sekundær rolle i vurderinga og skal vere avgjerandre der det er tvil om karakteren på skuleeksamen.~~

~~Om Studieutvalet skulle ønskje meir utdjupande synspunkt, er vi opne for det.~~

## II. Endring av læringsmål i samband med nedlegging av etikkurset

Studiedekanen har oppmoda om at emnet JUS 222 Forvaltningsrett tek over deler av ansvaret for etikkundervisninga. På denne bakgrunn blir det gjort framlegg om følgjande endringar under «Læringsutbytte» (markert med spor endring). Nytt siste strekpunkt under «Kunnskaper»: [kunnskap om]

- [særlege etiske utfordringar i forvaltningsretten](#)

Vidare nytt siste strekpunkt under «Ferdigheter»:

- [Kunne identifisere og drøfte etiske problemstillingar som oppstår i forvaltningsretten](#)

Kort om etikkundervisninga:

Det er naturleg å tilby nokre særlege førelesingar som etikk i forvaltninga. Elles er det i utgangspunktet naturleg å integrere etikkundervisninga i undervisningsopplegget elles, til dømes slik at eit ekstra spørsmål blir hekta på storgruppeoppgåver. Sentralt her står at etikken heng tett saman med det forvaltningsrettslege normsystemet, jf. til dømes «god forvaltningsskikk». Om ei slik integrering let seg gjere, er likevel avhengig av kva ressursar som blir stilt til rådvelde for JUS222.

\*\*\*

Professor Bjørn Henning Østenstad har underteikna på vegner av dei emneansvarlege.

Det juridiske fakultet, 31. januar 2022

Bjørn Henning Østenstad

Anneken Kari Sperr

Roald Hopsnes

(Emneansvarlege i JUS222 Forvaltningsrett)